



Norconsult AS  
Postboks 626  
1303 SANDVIKA

Referanser:  
Dykkar: Endre Trovik  
Vår: 20/9533 - 20/32322

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
03.06.2020

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 188/225 Gjervik ytre

**Tiltak:** Tilbygg/støyskjerming  
**Byggjestad:** Gbnr: 188/225  
**Tiltakshavar:** Statens vegvesen  
**Ansvarleg sækjar:** Norconsult AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.05.2020.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Ytre hovudmål må førast på situasjonsplanen.
2. Tiltaket er varsla ved felles utsending av varsel for tiltak på eigedomane gbnr 188/112 og 113, 188/225, 188/221, 188/229 og 188/211. Eigedomane er naboeigedomar, men tiltak på den enkelte eigedom er ikkje varsla internt mellom desse. Det må dokumenterast at eigedomen gbnr 188/211 er varsla om tiltak på gbnr 188/225.
3. I samsvar med føresegn 1 i reguleringsplanen for felt D Stallane skal avstand mellom bygg og nabogrense vera minst 5 meter. Avstand mellom tilbygg og nabogrense er oppgitt til 2,4 meter. Forholdet er i strid med reguleringsplanen og det må sækjast om dispensasjon.

Kommunen ber om at tilleggsmålingar vert sendt inn samla innan **15.07.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål 2605 LILLEHAMMER

**Mottakarar:**

Norconsult AS

Postboks 626 1303 SANDVIKA